

# Bok på 1-2-3

## Frosken og den framande

Av Max Velthuijs

**Tverrfagleg undervisningsopplegg for 5.–7. trinnet i norsk. Tema er folkehelse, livsmeistring og demokrati. Drama er eit sentralt pedagogisk verktøy i undervisninga.**

### Tid: 90 minutt

*Denne boka er tileigna alle dyr på denne jorda, i alle fargar og nyansar.*

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar: [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2015042808163](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015042808163)
- Skrive ut eller handskrive brev frå rotta og leggje det i konvolutt.
- Ein sekk til rotterolla.
- Ei veske til grisen.
- Moglegheit for å spele av musikk.
- Bilde av rotta som er på vandring.
- Eitt raudt og eitt grønt kort til kvar elev.
- Skrive ut papirstrimlar med replikkar til kvar elev.
- Klasseromsscenario og ope rom til å arbeide dramapedagogisk i.
- Ein stol til rotta.



### Formål

#### Norsk

- Lese skjønnlitteratur på nynorsk og samtale om formål, form og innhald
- Lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi eigne standpunkt i samtalar
- Leike med språket og prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar
- Bruke lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga

#### Drama i undervisninga

- Utforske temaet folkehelse, livsmeistring og demokrati i eit antirasistisk perspektiv.
- Dramafaglege uttrykk og læringsformer som tanketunell, kollektivt rollespel med lærar-i-rolle og improvisert spel med løysingsforslag.
- Leve seg inn i situasjonar, reflektere og uttrykke seg.



# 1 Før lesing

(10 minutt)

---

Sett fram ein stol. Møt elevane utanfor klasserommet med melding om at dei skal sette seg på golvet i ein halvsirkel. Gjer klar boka på storskjerm.

Anslag: Spel lågt «Heimlandsong» av Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga medan elevane kjem inn i rommet. Når alle er på plass, avsluttar du musikken.

Fortel til elevane: Historiene om frosken, anda, haren og grisen er tidlause klassikarar som tek opp små og store utfordringar ved det å vere til, enten ein er dyr eller menneske. Frosken får ofte hjelp av vennene sine, men han vert også av og til utfordra av dei. Saman finn dei ut korleis dei kan løyse det som er vanskeleg. Historiene har ein livsvisdom og varme som både små og store treng i kvardagen.

I *Frosken og den framande* kjem ein framand fyr og slår seg ned i skogkanten. Det er grisen som først får auge på han. Grisen og anda meiner at dette er eit sjofelt og skittent dyr ein må passe seg for. Men frosken er ikkje så sikker på at dei har rett i dette. Så om kvelden, når mørket fell, kryp han nærmare for å sjå sjølv ... Kom og bli med!

# 2 Lesing

(20 minutt)

---

Elevane får utdelt eitt raudt kort og eitt grønt kort kvar.

Du som lærar les høgt, og de opplever utdraget saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksame på kor elevane opplever høgdepunkt i lesinga. Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa.

Les teksten slik han står, på nynorsk, og ikkje forenkla eller omsetje han til dialekt. Dette gjer elevane kjende og fortrulege med den nynorske språknorma.

Lesestopp: Utan ord og fakter kan eleven ta opp og vise rundt det raude kortet der urettvis åtferd vert omtala. Eleven kan ta opp det grøne kortet og vise rundt der rettvis åtferd vert omtala (dette kan sannsynlegvis skje på side 8, 9, 12, 14, 15, 16, 17, 18, 19). Ta ein kort og bekreftande kunstpause der dette skjer.

Samtale: Kva tankar får elevane av forteljinga?

### 3 Etter lesinga (10 minutt)

No skal du lese eit brev til klassen. Dersom du handskriv brevet, kan du leggje inn dag og klokkeslett («om de vil kome heim til meg tysdag klokka 10» eller liknande). Skap situasjonen.

Fortel at det er kome eit brev til klassen.

Du opnar brevet og les:

UTE I VERDA, EIN GONG DÅ

KJÆRE VENNER

SOM DE HAR FÅTT HØYRE, HAR EG NO REIST VIDARE FRÅ FROSKEN OG VENNENE I DALEN. HER TREIVST EG TIL SLUTT, MEN DE VEIT AT DET VAR IKKJE SÅ LETT. VI ROTTER VERT OFTE MØTTE MED SKEPSIS. EG SKRIV DETTE BREVET FOR Å BE OM HJELP MED FORSLAG TIL KORLEIS ROTTER LETTARE KAN FÅ BLI MED I LEIK, ARBEID OG KVARDAG. DET VIL VERE HYGGELEG OM DE VIL KOMME HEIM TIL MEG FOR Å GI MEG NOKON GODE RÅD. BRUK ADRESSA OG INNGANGEN TIL UTE I VERDA, EIN GONG DÅ-VEGEN 123FANTASI!

HELSING ROTTA

## 4 Aktivitet (50 minutt)

### Lærer-i-rolle: Møtet med rotta

Vis bildet av rotta som vandrar, på storskjerm som scenografi.

I denne drama-aktiviteten skal du som lærar gå inn i rolle for å strukturere og leie leiken og rollespelet rundt temaet antirasisme.

Introduksjon til kollektivt spel: Førrebu elevane på at når du tek på deg sekken, er du rotta. «Tenk at vi er der rotta no held til. De er vennene til rotta, som er komne heim til han for å gi råd.»

Situasjonen og replikkar til rotta (med nynorsk som teaterspråk): Rotta tek på seg sekken, set seg ned på krakken og går i rolle som rotta:

– Eg er så glad for at de kunne kome heim til meg i kveld. Eg er noko uroleg, trist og utolmodig, kjenner eg. Eg er så lei av at vi dyr tenker og seier stygge ting til kvarandre utan grunn. At mange «vanlege» kan sjå ned på dei som er få og «uvanlege». Eg ønsker å kunne gjere noko med dette! Kan de hjelpe meg?

– Eg ønsker at alle dyr på jorda, i alle fargar og nyansar, skal kjenne at ein høyrer til og kan bidra! (Blir frustrert): Men stadig møter eg på dyr som seier at dei er betre enn og vil stenge ute! Unnskyld at eg blir så hard, men dette er så ugrent!

Interaksjon med elevane i rollespel:

Framleis i rolle som Rotta har du ein samtale med elevane. Spør dei:

– Kva i all verda skal eg gjere?

– Kva skal eg seie til dyr og dei som leier i verda, om respekt og likeverd?

Sjå an om du skal gå ut av rolle (ta av sekken) og som lærar dele dei i små grupper som kan snakke saman om kva råd dei skal gi. Når elevane er klare, går du i rolle igjen og gjentek spørsmåla.

Responder på forslaga.

## 4 Aktivitet (framhald)

### Utforske tekst og bodskap i replikkar 1

Lærer (ikkje i rolle) instruerer elevane:

- De skal no gå inn i rollene til dyr som fortel til rotta dei replikkane som står på lappane som de skal få (elevane får utdelt ein papirstrimmel med ein replikk kvar).
- Gå rundt i rommet og les replikken din. Prøv å lære det som står på lappen medan du går rundt.
- No skal du prøve ut ulike måtar å lese på. Eg fortel korleis: Eg seier «frys» kvar gong de skal stoppe å gå og det kjem ein ny beskjed, og «ver så god» kvar gong de kan halde fram med å gå.

La elevane utforske ulike måtar å seie fram replikken sin på, med ulik styrke og kjensler.

- Les først inni deg medan du går roleg rundt i rommet.
- Les så med vanleg stemme.
- Repeter fleire gongar.
- Gå roleg rundt og tenk at du er eit dyr som seier dette. Kva for eit dyr vel du?
- List deg rundt og sei replikken med kviskrestemme.
- Gå med harde skritt og ver sint når du seier replikken.
- Ver blid.
- Ver bestemt.
- Ver ein som veit best.
- Ver irritert.
- Ver oppgitt/lei.

### Tanketunell med replikkane

Elevane skal ta med seg lappen med replikken på og stille seg på to rekker, vende mot kvarandre, slik at dei dannar ein tunell.

Læraren seier:

De skal no gå ein og ein etter tur ganske sakte gjennom tunellen som om de er rotta (vis kven som skal starte på toppen av den eine rekka).

De som dannar tunellen, skal seie fram replikkane de har, til alle «rottene» når dei går forbi. Prøv ut ulike måtar å seie replikken din på.

## 4 Aktivitet (framhald)

### Utforske tekst og replikkar 2

Elevane skal no gjere akkurat det same med andre replikkar.

- Repeter fleire gongar.
- Gå roleg rundt og tenk at du er eit dyr som seier dette.
- List deg rundt og sei replikken med kviskrestemme.
- Gå med mjuke skritt og ver glad når du seier replikken.
- Ver blid.
- Ver bestemt.
- Ver ein som veit best.
- Ver jovial.
- Ver oppmuntrande/positiv.

### Samtale om erfaring

Korleis opplever du det i kroppen din når du høyrer dei vonde orda? Kva farge har den kjensla? Kor sit kjensla i kroppen? Kva lyd har ho? Kva ord har ho?

Korleis opplever du det i kroppen din når du høyrer dei gode orda? Kva farge har den kjensla? Kor sit kjensla i kroppen? Kva lyd har ho? Kva ord har ho?

Kva skilnad kan vonde og gode ord gjere for deg, i familien din, på skulen, på heimstaden din, blant venner og kjente, i Noreg, i verda?

### Avslutning og refleksjon

Samle elevane i ein halvsirkel:

- Kva er rasisme?
- Be elevane snakke saman to og to og finne tre ting som er rasistiske, og tre ting som er antirasistiske, frå boka. Boka kan vere på storskjerm. Etterpå tek de ei oppsummering i fellesskap om kva de har snakka om i gruppene.
- Be elevane snakke saman to og to om kva dei trur er årsaka til rasisme.
- Be elevane snakke saman to og to om kva dei trur er løysinga for antirasisme.

Oppsummering i fellesskap:

- Spør heile klassen samla om dei trur nokon menneske blir møtte slik som rotta i dag?
- Kvifor er det eventuelt slik i dag?
- Kva kan vi gjere for å møte kvarandre med respekt og verdigheit?
- Kva har de lært i undervisninga som de ikkje visste frå før?

Avslutt undervisninga. Sett på «Heimlandsong» av Bratland og Nordstoga medan elevane går ut av klasserommet og inn i friminutt og leik saman.

**Replikkar til elevane 1**

(skriv ut og klipp opp til lappar/strimlar på førehand):

Du er sjofel og skitten!

Pass på! Du er ein tjuv!

Du er frekk og lat!

Du et opp maten vår og arbeider ikkje ein dag!

Du har ingenting her å gjere!

Du har ingen rett til å vere her!

Du er uhøfleg!

Vi er ulike! Vi høyrer ikkje saman!

**Replikkar til elevane 2**

(skriv ut og klipp opp til lappar/strimlar på førehand):

Du har det koseleg og lagar vedunderleg mat!

Du er snill og vennleg!

Du ser flott ut!

Du kan så mykje!

Du har sett andre og spennande stader!

Du er modig!

Du er blid, glad og hjelpsam!

Du finn på så kjeke ting og kan mange eventyr!

Du er unik!

Du er vis!

